

Fra: Mette Robertsen
Sendt: tirsdag 21. mars 2023 14:00
Til: Karl Petter Aass
Kopi: nasolvik@hotmail.no
Emne: Vedr. søknad om tiltak på gbnr 58/96 Lygren indre

Hei,

Melder med dette at tiltaket som gjeld legging av leidning til sjø, også krev løyve frå Bergen og Omland Farvassforvaltning IKS.

Administrasjonen kan berre gje rammeløyve på vilkår, dersom det ikkje ligg føre løyve frå dei som nemnt. Me rår til at De sjølv søker Bergen og Omland Farvassforvaltning direkte.

Administrasjonens vurdering er at tiltaket er i tråd med arealføremål, jf. Kommuneplanen for Lindås sin arealdel 2019-2031, føresegn 3.5.1. Hovudføremål og underføremål er ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn og avlaup, med meir.

Ved søknad til Bergen og Omland Farvassforvaltning må De legge ved kopi av løyve frå Statsforvaltaren, samt denne e-post som syner at administrasjonene vurderer tiltaket i tråd med arealføremål.

Vennleg helsing

Mette Robertsen | Rådgjevar Plan og byggesak

Telefon:

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE